



Arne Gunleiv Haugsvær  
Rosslandsvegen 1161  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1811 - 18/16599

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
09.08.2018

## Førehandsgodkjenning av fjerning av knaus på GBNR 7/ 5 og 6 på Brakstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 205/2018**

### Saksutgreiing:

Arne Gunleiv Haugsvær søker om å fjerne ein bergknaus på Brakstad som ligg delvis i grensa mellom GBNR 7/ 5 og 7/6. Flyfoto syner at arealet som vil verta berørt er om lag 120 m<sup>2</sup>, og høgda er mellom 1 til 2 meter. Grunngjeving for søknaden er å få ein meir rasjonell teig, som er lettare å hauste.



Søknaden har vorte lagt fram for byggesak for vurdering om det er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova. Etter synfaring 7.08.08 har dei konkludert med at det ikkje er naudsynt med søknad etter plan-og bygningslova. Saka har vore diskutert med kulturavdelinga i kommunen og dei hadde ingen merknader til saka.

### Vurdering

Saka er vurdert etter forskrift om produksjonstilskot og rundskriv 2018-5 frå landbruksdirektoratet.

For å ha rett på areal- og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal som vert aktivt drive må føretaket ikkje foreta inngrep som forringar kulturlandskapet jf § 4 i forskrifa: *Det kan ikke gis tilskudd dersom det foretas inngrep som forringar kulturlandskapet. Dersom annet regelverk ikke er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper.*

I denne saka er det tale om at fjerning av knausen vil gje ei betydeleg driftsmessig forbetring, og dermed vera i tråd med formålet til forskrifa om å *bidra til et aktivt og bærekraftig jordbruk*

Føremålet til miljøkrava er å bidra til ein meir miljøvennleg jordbruksproduksjon og kulturlandskapet er definert som både landskapsbilde, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdiar. Kommunen har vurdert om tiltaket kan ha negative konsekvensar natur- og kulturlandskap. Knausen er for det meste grasdekt og det vil arealet vera når tiltaket er ferdigt. Det er liten høgdeforskjell med arealet rundt og tiltaket er lite (ca 120 m<sup>2</sup>). Knausen ligg midt inne i flat, stor teig på rundt 30 daa, og slik kommunen vurderer saka vil det ikkje påverkar kulturlandskapet at denne vert fjerna.

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med fjerning av knausen. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst med tanke på konsekvensar tiltaket kan ha for naturverdiar. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

Kommunen ar søkt i tilgjengelege databasar for kulturminne og ikkje funne at det er noko konflikt mellom det planlagde tiltaket og kulturminnelova. Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjennstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeidet stansast til rette forvaltningsmyndighet har vurdert funnet.

### **Konklusjon**

Det omsøkte tiltaket med fjerning av knaus vil gje betre driftstilhøve og ein meir rasjonell teig. Det er ikkje funne at tiltaket er i strid med viktige miljø eller kulturlandskapsomsyn eller er i strid med anna regelverk. Kommunen førehandsgodkjenner tiltaket.

### **Vedtak**

Meland kommune gjev med heimel i § 4 i forskrift om produksjonstilskot førehandsgodkjenning til å fjerna knaus som synt på kart datert 05.07.2018. Arealet skal planerast og såast til så snart det er råd i høve til årstid/vekstsесong. Grunngjeving går fram av saksutgreiinga over.

Før arbeidet vert sett i gang må det leggjast fram skriftleg samtykke til tiltaket frå eigar av GBNR 7/6 sidan noko av knausen ligg på dette bruket.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevest.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbruksjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arne Gunleiv Haugsvær	Rosslandsvegen 1161	5918	FREKHAUG
Arnt Svein Brakstad	Grønlandsvegen 19	5918	FREKHAUG